



Ida Legland (15) boltrar seg som ein cowboy på ryggen til fjordingen Lenda sjølv om ho har hatt hesten i berre eit halvt år. Ina Lønniong Eide leier hesten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Laurdag ettermiddag fekk Herøysund - og dermed også Uskedalen . eit flott, nytt aktivitetstilbod. I utmarka til Bringedal gard har Kjersti Leth Lønning og Vidar Lønning anlagt ei ridebane som også har ein brukar frå vår bygd - førebels.
Det er Ida Legland (15) som fekk fjordingen Lenda for eitt halvt år sidan, men som allereie boltrar seg på hesteryggen som ein annan cowboy!**



Kjersti Leth Lønning har all grunn til å vera fornøgd med ridebana. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ho imponerte dei som var tilstades under baneopninga med uanstrengte balanseøvingar.

Men ho var slett ikkje åleine om å imponera. Det gjorde alle dei unge jentene som viste kva dei kunne på hestar av fem raser: Islandshest, welshponny, fjording, tungdøl og norsk kaldblod. Dei viste både dressurprogram, hopp og ein form for hinderløp som kallast gymkhana.



Ina Lønning Eide igang med eit dressurprogram på den norske kaldblodshesten Tønder (Foto: Ola Matti Mathisen). (

- Vi leiger ut stallplass til fem hestar medan vi har ein sjølv, fortalde Vidar, som ikkje var så lysten på å opplysa om kor mykje det nye. viktige supplementet - bana - har kosta.

Men uskedalen.no har grunn til å tru at prislappen ligg på rundt 300.000 kroner. 20 prosent av dette har paret fått dekt av Innovasjon Norge fordi eit slikt tiltak er med og styrker næringsgrunnlaget på garden.

Ellers satsar paret på skotsk høylandsfe, men heller ikkje det er noko stor inntektskjelde. Dei har naturleg nok andre 'basisjobbar': Kjersti jobbar i kommunen medan Vidar er vaktmeister på Rosendal Fjordhotell.

Ridebana har standardmål, som er 20 X 40 meter og i tillegg kjem ein rund plass på 15 meter i diameter. Bana ligg oppunder ein fjellskrent med ein fantastisk panoramautsikt utover mot fjorden.

Det er 'in' med hest både i Herøysund og andre stader for tida og bana i Bringedalsbygda aukar og konsentrerar treningsmoglegheitene samstundes som dette er eit svært viktig miljøtiltak.

- Og hit er alle velkomne, både frå Uskedalen og andre stader, seier Vidar Lønning.

Fleire bilete frå ridebane-opninga finn du på www.hoglandsfe.no

Av Ola Matti Mathisen